

Innspel til regional transportplan – frå fylkesrådet for eldre

Fylkesrådet for eldre har i 2016 jobba med å få på plass ein handlingsplan for fylkesrådet, og i denne handlingsplanen har fylkesrådet for eldre nemnt følgjande som vi ynskjer å prioritere i perioden 2016 – 2019:

- Gang og sykkelveg
- Veglys
- Universell utforming, t.d. av busstopp m.v.
- Rassikring

3.5.1. (ev 4.4.1.) Demografi

Planen må ta omsyn til at ein stadig aukande del av befolkninga er eldre- og ikkje knytt til arbeidsrelatert transport.

Dei "eldre" har stadig aukande alder og held seg lenger friske og i aktivitet. Det vil derfor vere ein del transportbehov som må tilpassast dei eldre i større grad enn planen ser ut til å legge opp til.

Det er ein del eldre som bur i områder der det ikkje er bussruter framleis. Det er kun skuleruter som går. Løysinga kan vere å bruke mindre bussar og meir fleksible ruter, slik som for eksempel samleruter til ferje, butikk og senter, til andre ruter som tog, ekspressbussar og båtar.

3.2.2. Offentlege tenester/institusjonar

Det er lagt opp til endringar i kommunar/regionar som kan føre til større avstand mellom offentlege tenester som brukarane har behov for.

Vi er av den oppfatning at dette vil føre til sentralisering av tenester. Dette må òg vise igjen i planen.

Med omsyn til ruteproduksjon, så fører den fylkeskommunale økonomien til at det sannsynlegvis vil bli nedskjeringar av offentlege ruter, òg i framtida. Kva ein då skal prioritere vert då viktig. Hittil har det vore slik at det er rutene i grisgrendte strok som har vorte lagt ned. Dette er område som ofte er busett av eldre som sjølv ikkje kører bil, og dette gjev stadig større utfordringar.

Fylkesrådet for eldre meiner at ein ikkje kan legge til grunn kostnadseffektivitet i utkantane.

Serviceskyssen kan bøte på nokre av problema som oppstår, men langt frå alle. Det er også avgrensa med midlar i høve til å kunne utvide dette tilbodet.

Med dei reduksjonane som skjer i offentlege rutetilbod er vi med på å isolere dei eldre. Vi er oppteken av at dei i større grad skal delta saman med andre i ymse høve.

4.1.3. Gang- og sykkelvegar

Det må vere fokus på universell utforming av fortau, gangveg, kryssing av veg/gate og lys, sidan universell utforming gjer det tryggare for eldre, rørslehemma og dei andre "mjuke" trafikantane å ferdast.

Ved bygging av nye vegar meiner fylkesrådet for eldre at det må vere sjølvsagt at det vert planlagt og bygt gang- og sykkelveg samstundes. Det same gjeld for veglys i områder der det bur folk.

Vi er av den oppfatning at det er ein del busstopp som ikkje er universelt utforma, og som òg kan vere trafikkfarlege. Desse busstoppa meiner vi bør kartleggast og utbetrast snarast.

[4.4.1. Ruteproduksjon med buss og båt](#)

I ei tid med aukande digitalisering, kan dette vere ei utfordring for ein del brukarar. Ved elektroniske bestillingsordningar, anten det gjeld buss-/båtbillettar, drosje eller servicetransport, må det leggast opp til brukarvenlege system. Ved endring i ruter må dette òg vere lett tilgjengeleg informasjon for alle, og den må kunngjerast i god tid før endring.

Vi ser at det er ei utfordring for dei av dei eldre som ikkje deltek i den elektroniske utviklinga som fell utanfor, slik som ordninga av tinging av elektroniske bussbillettar (på ekspressbussen), og å leite fram rutetider.

[Anna](#)

Beredskap når Måløy-brua er stengd, ved at det er ynskje om ferjeleie på Deknepollen-sida, slik at det kan nyttast ambulanse eller anna transport for å kome til sjukehus når brua er stengd, og vêret er slik at helikopter ikkje kan ta seg fram.